

ROMSLEG

- FUSA KOMMUNE SINE VERDIAR



RESPEKT



OMSORG



MODIG



SAMARBEID



LØYSINGSORIENTERT



ENGASJERT



GODT HUMØR



FUSA
KOMMUNE



Fusa kommune sine verdiar og handlingsreglar:

R _{espekt}	Når eg viser andre respekt, kva gjer eg då: Eg lyttar til andre sine meiningar. Eg aksepterer at vi er ulike. Eg er presis og held avtalar.	Kva gjer eg i alle fall ikkje: Eg baksnakkar ikkje andre. Eg latterleggjer ikkje andre.
O _{msorg}	Når eg viser omsorg for andre, kva gjer eg då: Eg ser, prøver å forstå, og har tid til andre. Eg gir «litt ekstra» for at andre skal ha det bra. Eg gir ros og oppmuntring.	Kva gjer eg i alle fall ikkje: Eg bagatelliserer ikkje andre sine kjensler og meiningar. Eg er ikkje likegyldig til andre.
M _{ot}	Når eg er modig, kva gjer eg då: Eg tek opp vanskelege ting med den det gjeld. Eg tek utfordringar og er open for endring. Eg er ærleg og kan be om hjelp.	Kva gjer eg i alle fall ikkje: Eg let ikkje vera å ta ansvar. Eg vel ikkje minste motstands veg.
S _{amarbeid}	Når eg samarbeider, kva gjer eg då: Eg er fleksibel. Eg deltek i prosessar og er lojal mot vedtak. Eg prøver å gjera andre gode.	Kva gjer eg i alle fall ikkje: Eg gjer ikkje berre det som passar meg best. Eg let ikkje vera å ta omsyn til andre sine meiningar.
L _{øysingsorientert}	Når eg er løysingsorientert, kva gjer eg då: Eg viser vilje til å finna løysingar. Eg kjem med innspel og idear. Eg kan snu om på eigne planar og opplegg.	Kva gjer eg i alle fall ikkje: Eg leitar ikkje etter problem. Eg kosar meg ikkje med misnøya.
E _{ngasjert}	Når eg er engasjert, kva gjer eg då: Eg er interessert i jobben min. Eg tek initiativ. Eg gir av meg sjølv.	Kva gjer eg i alle fall ikkje: Eg gjer ikkje berre det eg må. Eg er ikkje negativt innstilt.
G _{odt humør}	Når eg viser godt humør, kva gjer eg då: Eg leitar etter det gode i folk og sak. Eg har fokus på det som er bra. Eg deler dei gode historiene.	Kva gjer eg i alle fall ikkje: Eg hengjer meg ikkje opp i bagatellar. Eg spreier ikkje misnøye.